



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege fellestråd**

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

Høyanger 21.06.24

## **Protokoll møte i Høyanger kyrkjelege fellestråd**

Møte i HKF torsdag 20.06.2024. kl.10.00 på Høyanger kyrkjekontor.

### **Frammøte:**

*Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide, Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik og Andreas Ester*

- *Andreas Ester og Toril Lange kom litt seint p.g.a. feil tidspunkt i innkallinga til møtet-*

### **Opning av møtet:**

- **Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll**  
Det stod feil tidspunkt i den formelle innkallinga som kom dagen før møtet. Dette skapte forvirring. Utanom dette vart innkalling, sakliste og møteprotokollen godkjent.
- **Soknepresten har ordet**  
Frå komande søndagens tekst fekk vi med oss visdomsorda om at vi må bygge våre byggverk på steingrunn slik at dei står godt.

### **Meldingssaker:**

- 011 Personalsituasjonen etter tilsettingane,**  
Kyrkjeverja orienterte om dei avtalane som er inngått.
- 012 Framtidig bruk av Vadheim bedehuskapell.**  
Det vart informert om det arbeidet som er sett i gang for å vurdere framtidig bruk av Vadheim bedehuskapell.
- 013 Investeringsplanen**  
Vi gjekk raskt igjennom gjeldande investeringsplan og tok med innspel. Ein endeleg rullering og oppdatering kjem i eit seinare møte.
- 014 Trusopplæringsråd**  
Det er viktig at dette ikkje berre blir eit råd for syns skuld. Rådet må vere ei praktisk og reell hjelp for trusopplæraren. Særleg inn mot dei ulike lokale føresetnadane og i høve å få med og engasjere frivillige i trusopplæringa.
- 015 Kyrkjeverja har ordet**  
- Helgestunder – kyrkjeverja orienterte om at det i og med den nye personellsituasjonen, kan vere naudsynt at nokon andre tek ansvaret for utforminga av bladet – som kyrkjeverja har hatt glede av å jobbe med fram til no. Kyrkjeverja tek med innspela frå fellestrådet i vidare planlegging av dette.

- Ferieavvikling går greitt Ali Kharrat jobbar 40% i mai -juni og juli, i staden for 60% i mai og juni. Dermed er han ferievikar for kyrkjeverja i juli.

## **Vedtaksaker:**

### **018/24 Revidert budsjett for 2024**

Kyrkjeverja gjekk igjennom og orienterte om kva som ligg i framlegget til revidert budsjett. Her kom nokre innspel som må sjekkast ut i ein siste kvalitetssikring, men hovudlinene ligg fast. Vi må syne ansvar og legge fram eit nøkternt realistisk budsjett som grunnlag for søknad om ein naudsynt ekstraløyving frå Høyanger kommune.

#### **Vedtak:**

**Revidert budsjett for 2024 vert vedteke slik det føreligg.**

Samrøystes vedteke.

### **019/24 Høyringsuttale til kommunen sin arealplan**

#### **Vedtak:**

**Framlegget til høyringsuttale vert å sende Høyanger kommune slik det føreligg innan fristen 05. juli.**

Samrøystes vedteke.

**Neste møte vert 19.september kl.10.00**

Protokoll ført av:

*Stig Jonny Fitje*

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd